DET KONGELEGE
ARBEIDSDEPARTEMENT

# Prop. 42 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

# Endringar i statsbudsjettet for 2010 under Arbeidsdepartementet

*Tilråding frå Arbeidsdepartementet av 26. november 2010, godkjend i statsråd same dagen. (Regjeringa Stoltenberg II)*

## 1 Innleiing

Arbeidsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål, programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda, samt inntektene under folketrygda for 2010.

Dei reviderte overslaga for folketrygdas utgifter og inntekter i 2010 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap per 30. september 2010. Berekningsgruppa for folketrygda gjer anslag for regelstyrte ordningar under Arbeidsdepartementet sine programområde 09, 29 og 33, kontantstøtte, barnetrygd og fødselspengar og adopsjonspengar under Barne- og likestillingsdepartementet og programområdet 30 Helsevern, folketrygda under Helse- og omsorgsdepartementet. Gruppa har sett på overslaga i møte 28. oktober 2010. Forslag til endringar i løyvingar som vedkjem Arbeidsdepartementet sine område, er med mindre avrundingar m.m. basert på overslag i Berekningsgruppa for folketrygda. Dei andre departementa fremmar eventuelle forslag om endringar i sine proposisjonar.

Arbeidsdepartementet fremmar forslag om å redusere løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Arbeid og sosiale formål utanom lånetransaksjonar med 92,8 mill. kroner, å redusere løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 4 223,2 mill. kroner og å redusere løyvingane under programområde 33 Arbeidsliv med 150,0 mill. kroner. Samla gjer Arbeidsdepartementet framlegg om at løyvingane under utgiftskapitla utanom lånetransaksjonar vert auka med i overkant av 4 466,0 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga for inntekter utanom lånetransaksjonar under inntektskapitla med om lag 69,4 mill. kroner.

**Kap. 600, 601, 604, 605, 606, 612, 614, 615, 616, 634, 635, 643, 660, 664, 666, 667, 2470, 2542, 2620, 2650, 2651, 2652, 2653, 2655, 2661, 2670, 2680, 2686, 2690, 3614, 3615, 3634, 3635, 5607, 5701, 5704, 5705**

# 2 Forslag under dei enkelte kapitla

## Kap. 600 Arbeidsdepartementet

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | 236 160 | 157 589 | 159 033 | +1 444 |

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2010 er 157,6 mill. kroner.

I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2010 vart løyvinga på posten sett ned med 6,788 mill. kroner som følgje av endringane i departementsstrukturen. Det gjaldt mellom anna overføring av husleigemidler til KRD. I etterkant av dette er det gjort nye berekningar av arealfordelinga som viser at løyvinga vart redusert 1,444 mill. kroner for mykje på ADs område. Midla vert difor ført tilbake frå KRD.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 01 med 1,444 mill. kroner.

## Kap. 601 Utredningsvirksomhet, forskning m.m.

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 21 | Spesielle driftsutgifter | 69 745 | 51 624 | 55 624 | 4 000 |
| 70 | Tilskot | 29 893 | 25 506 | 22 506 | -3 000 |
| | Sum endringar | | | | +1 000 |

*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga for 2010 er 51,6 mill. kroner.

I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2010 vart 2,785 mill. kroner overført frå kap. 601, post 21, til kap. 601, post 70. Av denne overføringa viste det seg at 1 mill. kroner var prosjektmidlar, og ikkje tilskot slik en først rekna med. Desse midla vert derfor foreslått ført attende til kap. 601, post 21.

I samband med ny IA-avtale er det foreslått å utvikle ei rekkje nye tiltak retta mot sjukmelder. I Prop. 125 S (2009-2010) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2010 vart det derfor omdisponert 20 mill. kroner frå kap. 634, post 76 til kap. 605, post 01. Eit av tiltaka er å gjennomføre ein informasjonskampanje før den nasjonale IA-konferansen som skal haldast i desember 2010. 3 mill. kroner vert derfor foreslått overført frå kap. 605, post 01, til kap. 601, post 21.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 21 med 4 mill. kroner.

*Post 70 Tilskot*

Løyvinga for 2010 er 25,5 mill. kroner.

I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2010 vart løyvinga auka med 2,785 mill. kroner. 1 mill. kroner av denne løyvinga gjeld prosjektmidlar og ikkje tilskot som først anteke og vert derfor foreslått ført tilbake til kap. 601, post 21.

Utgiftene i 2010 vert noko lågare enn det som tidlegare vart lagt til grunn. Årsaka er mellom anna lågare utgifter til EU-kontingenter som følgje av valutasvingningar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 3 mill. kroner.

## Kap. 604 NAV-reform og pensjonsreform

(1000 kr)

| Post | | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 45 | Større utstyrskaffingar og vedlikehald, *kan overførast, kan nyttast under post 21* | 1 014 132 | 725 060 | 645 060 | -80 000 |

*Post 45 Større utstyrskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 21*

Løyvinga for 2010 er 725 mill. kroner.

Under kap. 604 NAV-reform og pensjonsreform er det i perioden 2007-2009 ført til saman 150 mill. kroner til risikoavsetjing for IKT Basis i NAV-reforma. Av dette beløpet står det igjen ei ubrukt risikoavsetjing på 94,7 mill. kroner i 2010.

Risikoavsetjinga er i utgangspunktet avgrensa til IKT Basis i NAV-reforma. NAV-reforma er i all hovudsak gjennomført, og det står igjen berre etablering av eit NAV-kontor i Kristiansand. Det kan likevel framleis stå igjen noko usikkerheit med omsyn til talet på brukarar av NAV kontora, og det kan derfor være behov for å nytte delar av ubrukt risikoavsetjing framover. Risikoavsetjinga kan derfor reduserast med 80 mill. kroner. 14,7 mill. kroner står igjen som Arbeidsdepartementet si risikoavsetjing.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 45 med 80 mill. kroner.

## Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | 9 377 697 | 9 483 813 | 9 479 813 | -4 000 |

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2010 er 9 483,8 mill. kroner.

I samband med ny IA-avtale er det foreslått å utvikle ei rekkje nye tiltak retta mot sjukmelder. I Prop. 125 S (2009-2010) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2010 vart det derfor omdisponert 20 mill. kroner frå kap. 634, post 76 til kap. 605, post 01.

Helsedirektoratet har ansvaret for delar av utviklingsarbeidet. Ein foreslår derfor å overføre 2 mill. kroner av desse midlane frå kap. 605, post 1 til kap. 762, post 21. Vidare skal det gjennomførast ein informasjonskampanje før den nasjonale IA-konferansen som skal haldast i desember 2010. 3 mill. kroner vert derfor foreslått overført frå kap. 605, post 1 til kap. 601, post 21.

Arbeids- og velferdsetaten skal i 2011 styrkje arbeidet med å førebyggje og avdekkje trygdemisbruk jf. Prop. 1 S (2010-2011) Arbeidsdepartementet. For 2010 foreslår ein at etaten vert styrkt med 1 mill. kroner. Midlane vil verte nytta til styrking av innsatsen mot trygdemisbruk.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 01 med 4 mill. kroner.

## Kap. 606 Trygderetten

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | 58 636 | 61 997 | 59 497 | -2 500 |

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2010 er 62 mill. kroner.

Det er venta eit mindreforbruk både når det gjelder lønn og kjøp av varer og tenester på Trygderetten sitt budsjett for 2010.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 01 med 2,5 mill. kroner.

## Kap. 612 Tilskot til Statens pensjonskasse

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter, *overslagsløyving* | 7 750 336 | 7 867 000 | 7 828 000 | -39 000 |
| 22 | Sluttoppgjer | 8 676 | 3 000 | 4 000 | +1 000 |
| | Sum endringar | | | | -38 000 |

*Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 7 867 mill. kroner.

Oppdatert løyvingsoverslag for kap. 612, post 01 viser ein reduksjon på posten med 39 mill. kroner. Reduksjonen skriv seg frå fleire forhold:

- Oppdaterte overslag for utbetalte pensjonar (alderspensjonar, uførepensjonar og etterlatnepensjonar) viser ein auke med 40 mill. kroner. Auken relaterer seg i hovudsak til ein auke i overslaget over etterbetalingar til enkemenn.
  - I Ot.prp. nr. 101 (2008-2009), jf. Prop. 10 L (2009-2010), vart det fremja forslag om endring av Statens pensjonskasselova for å kunne gjennomføre jamnlikhet for enke- og enkemannspensjon i samsvar med dom i EFTA sitt klageorgan (ESA). I nemnde Ot.prp. vart kostnadene ved at ordninga vart gjeve tilbakeverkande kraft vurdert til å vere om lag 80-85 mill. kroner.
  - Oppdatert informasjon frå Statens pensjonskasse viser no at dei samla utbetalingane i 2010 vil verte om lag 120 mill. kroner. Dette inneber ein auke med 40 mill. kroner i høve til kva som allereie ligg inne i budsjettet. Statens pensjonskasse viser til at det er fleire saker og eit høgare gjennomsnittleg utbetalt beløp enn kva som tidlegare vart lagt til grunn.
  - Dei oppdaterte utrekningane frå Statens pensjonskasse tyder óg på at dei samla kostnadene vert monaleg høgare enn tidlegare rekna med. AD vektlegg i samband med dette at Statens pensjonskasse treng meir tid til å kvalitetssikre nettoeffektane av denne saka. Departementet vil kome med eit oppdatert overslag for dei samla kostnadene i samband med revidert budsjett 2011.
- Overslaget over arbeidsgivarpremie, inkludert AFP-premie, er auka med 29 mill. kroner i høve til overslaget i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2010. Overslaget over medlemsinnskot er auka med 74 mill. kroner i høve til overslaget i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2010. Auken i arbeidsgivarpremie og medlemsinnskot heng saman med at premiegrunnlaget for 2010 vart auka etter tariffoppgjeret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet våren 2010.

- Andre endringar i budsjettføresetnadene fører med seg ein netto auke av løyvingsoverslaget med 24 mill. kroner, mellom anna som følgje av auka renteutbetalingar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 01 med 39 mill. kroner

*Post 22 Sluttoppgjer*

Løyvinga for 2010 er 3 mill. kroner.

Løyvinga for sluttoppgjer vert no foreslått auka med 1 mill. kroner. Auken relaterer seg i hovudsak til at det er venta gjennomført fleire sluttoppgjer i 2010 enn tidlegare lagt til grunn.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 22 med 1 mill. kroner

## Kap. 614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | | 38 000 | 42 000 | +4 000 |
| 90 | Utlån, *overslagsløyving* | 5 736 453 | 8 500 000 | 11 600 000 | +3 100 000 |
| | Sum endringar | | | | +3 104 000 |

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2010 er 38 mill. kroner.

Nytt overslag på posten baserer seg på same føresetnader om volum som under post 90 Utlån.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 01 med 4 mill. kroner.

*Post 90 Utlån, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 8 500 mill. kroner.

Oppdatert løyvingsoverslag for utlån i 2010 er auka med 3 100 mill. kroner til 11 600 mill. kroner. Auken skriv seg frå ein auke i talet på utbetalte lån per veke frå 140 utbetalte lån til 185 utbetalte lån per veke. Om lag 85 pst. av lånesøknadene er søknader om refinansiering. Vidare er det ein auke i gjennomsnittleg utbetalt beløp frå 1 150 000 kroner til 1 200 000 kroner. Auken i utlånsvolum kan mellom anna sjåast i samband med auken i låneramma som vart vedteken i tariffoppgjeret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet våren 2010, og at Statens pensjonskasse no har ein av marknadens beste renter for bustadlån. Overslaget inkluderer og ein auke i berekna opptente renter ved utgangen av året med 14 mill. kroner til 97 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 90 med 3 100 mill. kroner.

## Kap. 3614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Gebyrinntekter, lån | | 23 000 | 27 000 | +4 000 |
| 90 | Tilbakebetaling av lån | | 4 400 000 | 4 600 000 | +200 000 |
| | Sum endringar | | | | +204 000 |

*Post 01 Gebyrinntekter, lån*

Løyvinga for 2010 er 23 mill. kroner.

Nytt overslag baserer seg på same føresetnader om volum som under kap 614 og 3614 forøvrig.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 01 med 4 mill. kroner.

*Post 90 Tilbakebetaling av lån*

Løyvinga for 2010 er 4 400 mill. kroner.

Oppdatert løyvingsoverslag for tilbakebetaling av lån i 2010 er auka med 200 mill. kroner til 4 400 mill. kroner. Auken kan i hovudsak forklarast med ein auke i gjennomsnittleg innfridd beløp frå 632 000 kroner til 670 000 kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 90 med 200 mill. kroner.

## Kap. 5607 Renter av bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 80 | Renter | 829 126 | 731 000 | 755 000 | + 24 000 |

*Post 80 Renter*

Løyvinga for 2010 er 731 mill. kroner.

Overslaget over renteinntektene er auka med 24 mill. kroner. I RNB 2010 vart det føresett ei gjennomsnittleg rente på 2,5 pst. No vert dei faktiske rentesatsane i 2010 lagt til grunn, seinast fastsett til 2,75 pst. for november og desember, og som dernest er rekna om til nominell rente basert på betalingsfrekvens. Auken må og sjåast i samband med høgare etterspørsel etter lån, jf. kap 614 og 3614.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 80 med 24 mill. kroner.

## Kap. 615 Yrkesskadeforsikring

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter*, overslagsløyving* | 71 567 | 86 000 | 75 000 | -11 000 |

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2010 er 86 mill. kroner.

Det vert foreslått ein reduksjon av løyvinga under post 01 med 11 mill. koner til 75 mill. kroner. Reduksjonen kjem i hovudsak av at faktisk utbetalte erstatningar hittil i 2010 har vore lågare enn det som vart lagt til grunn i RNB 2010.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 01 med 11 mill. kroner.

## Kap. 3615 Yrkesskadeforsikring

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 80 | Premieinntekter | 141 284 | 146 000 | 154 000 | +8 000 |

*Post 01 Premieinntekter*

Løyvinga for 2010 er 146 mill. kroner.

Overslaget over premieinntektene vert foreslått auka med 8 mill. kroner. Auken i inntektene har si årsak i oppdatert premiegrunnlag samt etterfakturering frå tidlegare år. Overslaget er basert på fakturert premie for 2010.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 80 med 8 mill. kroner.

## Kap. 616 Gruppelivsforsikring

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter, *overslagsløyving* | 141 790 | 146 000 | 140 000 | -6 000 |

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2010 er 146 mill. kroner.

Det vert foreslått ein reduksjon av løyvinga under post 01 med 6 mill. kroner. Overslaget er basert på utbetalte erstatningar hittil i 2010 og prognose for utbetalingar resten av året. Forbetra dekning vart innført etter tariffoppgjeret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet våren 2008. Det var stor uvisse til overslaget for utbetalte erstatningar i 2010, då det var ein kort periode med forbetra dekning som låg til grunn for budsjetteringa.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 01 med 6 mill. kroner.

## Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 76 | Tiltak for arbeidssøkjarar, *kan overførast* | 6 637 970 | 7 452 820 | 7 527 820 | +75 000 |

*Post 76 Tiltak for arbeidssøkjarar, kan overførast*

Løyvinga for 2010 er 7 452,8 mill. kroner.

Det er behov for å gjere tekniske justeringar av tilsegnsfullmaktene.

Utgiftene til arbeidsmarknadstiltak gjennomført i 2009 som kom til utbetaling i 2010 vart noko lågare enn tidligare lagt til grunn, og dette fører med seg et behov for å redusere løyvinga med 25 mill. kroner. For perioden januar til august er det gjennomført om lag 78 200 tiltaksplassar, ifølgje tall frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. Dette er om lag 4 100 fleire enn planlagt for denne perioden. Som følgje av dette gjeres det framlegg om å endre tilsegnsfullmakta for regnskapsmessig etterslep for gjennomføring i 2010 med utbetaling i 2011. Behovet for tilsegnsfullmaktar heng saman med tiltaksnivået ved utgangen av 2010. Da det har vore eit høgare tiltaksnivå enn planlagt i 1. halvår 2010, vert tiltaksnivået i 2. halvår lågare enn planlagt. Justeringa av tilsegnsfullmakta for regnskapsmessig etterslep for gjennomføring i 2010 med utbetaling i 2011 førar med seg et behov for å auke løyvinga med 100 mill. kroner. Samla sett medførar dei to endringane behov for å auke løyvinga med 75 mill. kroner. I tillegg er det behov for å sette ned tilsegnsfullmakta for å oppretthalde nivået på arbeidsmarknadstiltaka over årsskiftet 2010/2011 med 140 mill. kroner, noko som óg heng saman med at tiltaksnivået ved utgangen av 2010 vert lågare enn det som opphavleg vart planlagt.

Endringane fører ikkje med seg endringar i nivået på arbeidsmarknadstiltaka i 2010, som framleis vil vere på om lag 75 000 plasser i gjennomsnitt.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 76 med 75 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer også framlegg om å redusere total tilsegnsfullmakt for 2010 med 240 mill. kroner, jf. framlegg om romertallsvedtak II.

## Kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 85 | Innfordring av feilutbetaling | 2 357 | 1 000 | 1 500 | +500 |

*Post 85 Innfordring av feilutbetaling*

Løyvinga for 2010 er 1 mill. kroner.

Inntekter under denne posten har samband med innfordring av feilutbetalingar til tiltaksarrangørar og enkelte tiltaksdeltakarar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 85 med 0,5 mill. kroner.

## Kap. 635 Venteløn

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Venteløn, *overslagsløyving* | 241 790 | 190 000 | 200 000 | +10 000 |

*Post 01 Venteløn, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 190 mill. kroner.

Utviklinga så langt i 2010 tilseier at utgiftene til venteløn i 2010 vert anslagsvis 200 mill. kroner. Dette er ein auke på 10 mill. kroner samanlikna med gjeldande løyving for 2010, som vart vedtatt i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2010. Til grunn for aukinga ligg ei forventning om eit uendra tal på mottakarar av venteløn, men ein auke i den gjennomsnittlege utbetalinga per mottakar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 01 med 10 mill. kroner.

## Kap. 3635 Venteløn m.v.

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Refusjon statleg verksemd m.v. | 62 182 | 49 000 | 58 000 | +9 000 |
| 85 | Innfordring av feilutbetaling av venteløn | 3 244 | 1 900 | 1 000 | -900 |
| | Sum endringar | | | | +8 100 |

*Post 01 Refusjon statleg verksemd*

Løyvinga for 2010 er 49 mill. kroner.

Utviklinga i samla refusjon avheng av utviklinga i talet på mottakarar og nytilgangen av talet på mottakarar med fullt refusjonskrav. På bakgrunn av utviklinga så langt i 2010, vert refusjonane anslått til 58 mill. kroner. Dette er ein auke på 9 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 01 med 9 mill. kroner.

*Post 85 Innfordring av feilutbetaling av venteløn*

Løyvinga for 2010 er 1,9 mill. kroner.

NAV innkrevjing står for innfordring av feilutbetalingar av venteløn. Arbeids- og velferdsdirektoratet ventar no ei samla innkrevjing på om lag 1 mill. kroner i 2010.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 85 med 0,9 mill. kroner.

## Kap. 643 Statens arbeidsmiljøinstitutt

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 50 | Statstilskot | 93 000 | 94 500 | 96 300 | +1 800 |

*Post 50 Statstilskot*

Løyvinga for 2010 er 94,5 mill. kroner.

Det syner naudsynt å auke tilskotet til Statens Arbeidsmiljøinstitutt i 2010 som følgje av nokre naudsynte investeringar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 50 med 1,8 mill. kroner.

## Kap. 660 Krigspensjon

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Tilskot, militære, *overslagsløyving* | 197 403 | 190 000 | 195 000 | +5 000 |
| 71 | Tilskot, sivile, *overslagsløyving* | 480 072 | 446 000 | 465 000 | +19 000 |
| | Sum endringar | | | | +24 000 |

*Post 70 Tilskot, militære, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 190 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på militære krigspensjonistar vert litt høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på post 70 med 5 mill. kroner.

*Post 71 Tilskot, sivile, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 446 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på sivile krigspensjonistar og gjennomsnittleg yting vert litt høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på post 71 med 19 mill. kroner.

## Kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Tilskot | 290 000 | 508 567 | 493 267 | -15 300 |

*Post 70 Tilskot*

Løyvinga for 2010 er 508,6 mill. kroner.

Tilskotet til Pensjonstrygda for sjømenn skal dekkje delar av betalingane til pensjon etter trygdelova for pensjon for sjømenn § 15 og underskot i pensjonstrygda etter at fondet til regulering er brukt opp. Ein ventar no at utgiftene vert 15,3 mill. kroner lågare enn lagt til grunn for løyvinga i 2010.

Utviklingen i kravinngangen og en positiv utvikling i sysselsettingssituasjonen i skipsfarten gir grunnlag for å redusere utgiftene på posten.

Administrasjonsutgiftene aukar med 1,7 mill. kroner i inneverande år i samband med at etaten har flytta til nye lokalar i august 2010. Auken skuldast eingangskostnader ifm. flytting, og auka husleige.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på post 70 med 15,3 mill. kroner.

## Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Tilskot | 1 294 009 | 1 553 000 | 1 505 000 | -48 000 |

*Post 70 Tilskot*

Løyvinga for 2010 er på 1 553 mill. kroner.

Ein reknar med at gjennomsnittleg yting vil bli litt lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga, og at talet på AFP-pensjonistar i snitt i 2010 vert noko lågare enn tidlegare venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på post 70 med 48 mill. kroner.

## Kap 667 Supplerande stønad

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Tilskot, *overslagsløyving* | 341 131 | 341 600 | 352 000 | +10 400 |

*Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er på 341, 6 mill. kroner.

Rekneskapstala for 2009 vart litt høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga, samtidig som at gjennomsnittleg yting ser ut til å bli litt høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på post 70 med 10,4 mill. kroner.

## Kap. 2470 Statens pensjonskasse

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 24 | Driftsresultat | -13 888 | 14 028 | -1 616 | -15 644 |
| 45 | Større investeringar og vedlikehald | 293 063 | 345 943 | 345 943 | 0 |
| | Sum endringar | | | | -15 664 |

### *Post 24 Driftsresultat*

Løyvinga for 2010 er 14 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 24 med 15,664 mill. kroner.

Forslaget til justering av driftsresultatet er relatert til endringar i driftsinntektene, driftsutgiftene, renter av staten sin kapital og reguleringsfondet slik det er gjort greie for nedanfor:

### *Underpost 24.1 Driftsinntekter (overslagsløyving)*

Det vert foreslått ein auke i driftsinntektene med 21,9 mill. kroner til 484,2 mill. kroner.

Auken i driftsinntektene heng saman med auka volum i pensjoneringsområdet, låneområdet samt forsikrings- og produktområdet. Auken innan forsikrings- og produktområdet skuldast i hovudsak auka omfang av leveransar av rekneskapsberekningar til kommunesektoren.

Auken i driftsinntektene er i tillegg knytt til endringar i teljings- og faktureringssystemet til Statens pensjonskasse. Desse endringane vil bli nærmare vurderte i samband med fastsetjinga av inntektsføresetnadene til verksemda komande budsjettår, jf. fastsetjing av Statens pensjonskasse sine tenesteprisar for 2011.

### *Underpost 24.2 Driftsutgifter (overslagsløyving)*

Det vert foreslått ein netto reduksjon i driftsutgiftene med 1,2 mill. kroner til 385,4 mill. kroner.

Statens pensjonskasse har i 2010 prioritert ressursar til gjennomføring av investeringsprogrammet PERFORM. Dette har ført til at verksemda har måtta utsette gjennomføringa av andre naudsynte investeringar på IT-området. Som følgje av dette har naudsynte investeringar for om lag 5,8 mill. kroner vorte utsett til 2011. Auka aktivitet på låneområdet aukar driftsutgiftene tilsvarande med om lag 4 mill. kroner. Netto auka kostnader på andre område utgjer om lag 0,6 mill. kroner. Det vert ut over dette vist til omtale under post 24.1 Driftsinntekter.

### *Underpost 24.4 Renter av staten sin kapital*

Overslaget over renter av staten sin kapital vert foreslått auka med 1,6 mill. kroner samanlikna med overlaget i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2010 til 18,6 mill. kroner. Auken skuldast mellom anna auka investeringsramme som følgje av overføring av ubrukt løyving frå 2009.

### *Underpost 24.6 Til reguleringsfond*

Reguleringsfondet til Statens pensjonskasse vert foreslått styrka med om lag 5,8 mill. kroner. Auka omfang av Statens pensjonskasse si verksemd, samt risiko på driftssida ved gjennomføringa av pensjonsreforma i 2011, tilseier ei viss styrking av reguleringsfondet.

### *Post 45 Større investeringar og vedlikehald*

I Prop. 125 S (2009-2010) vart det vedtatt ny kostnads- og styringsramme for investeringsprogrammet PERFORM:

- Ny kostnadsramme: 1 287 mill. kroner. Dette er samlet kostnadsramme for prosjektet (P85).
- Ny styringsramme: 1 006 mill. kroner

I samband med den fornya KS2-gjennomgangen av investeringsprogrammet våren 2010 vart det vurdert som realistisk at systemutviklinga var kome langt nok til at Statens pensjonskasse ville vera i stand til å møte pensjonsreforma når den trer i kraft 1.1.2011. Denne vurderinga hadde som føresetnad at den økonomiske ramma vart utvida og at det vart gjennomført tiltak i SPKs prosjektstyring.

På bakgrunn av prosjektets omfang og risiko har departementet etablert eit særskilt tett sty-

ringsopplegg av prosjektet med hyppige rapporteringar og bruk av eksterne kvalitetssikrar i prosjektoppfølginga. Departementet legg opp til å vidareføre den særskilte oppfølginga av prosjektet ut 2011.

Planlagde leveransar i investeringsprogrammet er levert i samsvar med plan i 2010. Nytt saksbehandlingssystem vart satt i produksjon i oktober 2010. Dette inneber at ein sentral føresetnad for å kunne behandle pensjonssaker etter nytt regelverk frå 1.1.2011 no er på plass i Statens pensjonskasse. Ved utgangen av året er det planlagt å ferdigstille ulike sjølvbetjeningsløysingar i prosjektet som pålogging med MinID med meir.

## Kap. 2542 Statsgaranti for lønskrav ved konkurs m.v.

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Lønsgaranti ved konkurs, *overslagsløyving* | 935 338 | 950 000 | 800 000 | -150 000 |

*Post 70 Lønsgaranti ved konkurs*

Løyvinga for 2010 er 950 mill. kroner.

Utbetalingane gjennom lønnsgarantiordninga er sterkt konjunkturavhengig, og det er særleg talet på konkursar på landsbasis, talet på tilsette og lønnsnivået for desse som påverkar den samla utbetalinga. Økonomien i det enkelte buet har også stor betydning for utbetalingane og moglegheitene for innkrevjing av dividende.

Utviklinga i talet på konkursar i 2010 og talet på nye bu/saker til lønnsgarantieininga er usikker. På bakgrunn av utviklinga med ein nedgong i talet på konkursar på landsbasis i 2009 og vidare i 2010, og ut frå prognosane til SSB om at talet på nye opna konkursar ser ut for å bli noko lågare i 2010 enn i 2009, viser dette eit redusert behov for løyvinga i 2010.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 150 mill. kroner.

## Kap. 5704 Statsgaranti for lønskrav ved konkurs

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 02 | Dividende | 133 117 | 180 000 | 110 000 | -70 000 |

*Post 02 Dividende*

Løyvinga for 2010 er 180 mill. kroner

Dividenden kan til ei viss grad sjåast i samanheng med endringane i utbetalingar og den generelle økonomiske situasjonen i bua. Innbetalingane relaterer seg både til inneverande og tidlegare års utbetalingar. Det er eit betydeleg etterslep i innkrevjing av dividende i forhold til utbetalingane.

Ut frå utviklinga i utbetalingar til lønnskrav i 2008 og 2009 var det forventa ei auke i dividendeinngangen i 2010. Per august i 2010 er det innbetalt 69,7 mill. kroner i dividende. Dette er betydeleg lågare enn forventa. Ved framskriving av dei månadlege innbetalingane så langt i 2010 vil det samla sett bli innbetalt ca 110 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 02 med 70 mill. kroner.

## Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Overgangsstønad, *overslagsløyving* | 2 451 181 | 2 596 000 | 2 550 000 | -46 000 |
| 72 | Stønad til barnetilsyn, *overslagsløyving* | 421 706 | 445 000 | 385 000 | -60 000 |
| 73 | Utdanningsstønad | 53 944 | 64 000 | 48 000 | -16 000 |
| 76 | Forskottering av underhaldsbidrag | 864 872 | 860 000 | 850 000 | -10 000 |
| | Sum endringar | | | | -132 000 |

*Post 70 Overgangsstønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 2 596 mill. kroner

Tal frå 1. halvår 2010 syner at veksten i talet på mottakarar ikkje har vore så sterk som venta. Nye tal viser også at det har vore ein reduksjon i den gjennomsnittlege utbetalinga per mottakar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 46 mill. kroner.

*Post 72 Stønad til barnetilsyn*

Løyvinga for 2010 er 445 mill. kroner.

Nye tal frå 2010 syner at det har vore ein reduksjon i talet på mottakarar av stønad til barnetilsyn og ein reduksjon i den gjennomsnittlege utbetalinga per mottakar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 72 med 60 mill. kroner.

*Post 73 Utdanningsstønad*

Løyvinga for 2010 er 64 mill. kroner.

Nye tal frå 2010 viser at det har vore ein reduksjon både i talet på mottakarar av utdanningsstønad og i den gjennomsnittlege utbetalinga per mottakar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 73 med 16 mill. kroner.

*Post 76 Forskottering av underhaldsbidrag*

Løyvinga for 2010 er på 860 mill. kroner.

Løyvinga er fastsatt på bakgrunn av anslag gjort hausten 2009. Det vart lagd til grunn et anslag for rekneskapstala i 2009 på 896,4 mill. kroner og en forventa reduksjon i talet på barn med forskot med 6 pst i 2010 samanlikna med 2009. Dei faktiske rekneskapstala for 2009 vart på 864,9 mill. kroner og anslag for forventa reduksjon i talet på barn er endra til 4 pst i 2010 samanlikna med 2009.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga for 2010 under post 76 med 10 mill. kroner.

## Kap. 2650 Sjukepengar

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Sjukepengar for arbeidstakarar mv., *overslagsløyving* | 32 092 195 | 33 430 000 | 30 420 000 | -3 010 000 |
| 71 | Sjukepengar for sjølvstendige, *overslagsløyving* | 1 846 219 | 1 900 000 | 1 750 000 | -150 000 |
| 72 | Omsorgs- og pleiepengar ved sjukdom hos barn mv., *overslagsløyving* | 513 052 | 570 000 | 510 000 | -60 000 |
| 75 | Feriepengar av sjukepengar, *overslagsløyving* | 1 610 618 | 1 860 000 | 1 790 000 | -70 000 |
| | Sum endringar | | | | -3 290 000 |

*Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar mv., overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 33 430 mill. kroner.

I Prop.125 S (2009-2010) er det lagt til grunn ein vekst på 1 pst. i talet på sjukepengedagar per sysselsett. Vidare er det lagt til grunn ein reduksjon i sysselsetjinga på 0,1 pst og ein auke i sjukepengegrunnlaget på 3 ¼ pst.

I Prop. 1 S (2010–2011) vart det på grunnlag av utviklinga til og med juli 2010 lagt til grunn ein reduksjon i det trygdefinansierte sjukefråveret per sysselsatt på 7 pst. i 2010 samanlikna med 2009. Utgiftene til sjukepengar i 2010 vart då vurdert til å bli om lag 2,6 mrd. kroner lågare enn i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2010.

Arbeids- og velferdsdirektoratet sin statistikk over sjukefråveret og rekneskapen til og med september 2010, gjev grunn til å tru at talet på sjukepengedagar per sysselsett vil reduserast med 8 pst. frå 2009 til 2010. Sjukepengegrunnlaget vil auke med 3 ¼ pst. som tidligare anslått. Vidare er det venta at sysselsetjinga vil minke med 0,2 pst. i 2010. Samla sett gjev dette betydeleg lågare sjukepengeutbetalingar i 2010 enn det ein rekna med tidlegare i år.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusera løyvinga under post 70 med 3 010 mill. kroner.

*Post 71 Sjukepengar for sjølvstendige, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 1 900 mill. kroner.

Sjukefråveret blant sjølvstendige vert lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusera løyvinga under post 71 med 150 mill. kroner.

*Post 72 Omsorgs- og pleiepengar ved sjukdom hos barn mv., overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 570 mill. kroner.

Utgiftene i 2010 vert noko lågare enn venta. Årsaka er at talet på mottakarar er lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusera løyvinga under post 72 med 60 mill. kroner til 510 mill. kroner.

*Post 75 Feriepengar av sjukepengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 1 860 mill. kroner.

Utgiftene i 2010 vert lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusera løyvinga under post 75 med 70 mill. kroner.

## Kap. 2651 Ytingar under arbeidsavklaring

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Arbeidsavklaringspengar, *overslagsløyving* | | 28 543 000 | 27 640 000 | -903 000 |

*Post 70 Arbeidsavklaringspengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 28 543 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har hatt ei noko anna utvikling enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Spesielt vart talet på mottakarar i august og september lågare enn det som var anslått. Arbeids- og velferdsetaten valde å forlengje ein del av vedtaka om rehabiliteringspengar, attføringspengar og tidsavgrensa uførestønad for å unngå at mange vedtak måtte fornyast i tida rundt innføringa av arbeidsavklaringspengane 1. mars 2010. Avgangen blant desse har likevel vore høgare enn forventa. Samla er talet på mottakarar i 2010 venta å bli noko lågare enn tidlegare på grunn av ein høgare avgang av mottakarar frå denne gruppa.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 903 mill. kroner.

## Kap. 2652 Medisinsk rehabilitering

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Rehabiliteringspengar, *overslagsløyving* | 10 031 230 | 1 813 000 | 1 860 000 | +47 000 |
| 71 | Legeerklæringar | 274 676 | 280 000 | 287 000 | +7 000 |
| | Sum endringar | | | | +54 000 |

*Post 70 Rehabiliteringspengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 1 813 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har hatt ei noko anna utvikling enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Rehabiliteringspengar vart erstatta av arbeidsavklaringspengar frå 1. mars 2010. Dei venta høgare utgiftene kjem som følgje av klagesaker og revurderingssaker.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 70 med 47 mill. kroner.

*Post 71 Legeerklæringar*

Løyvinga for 2010 er 280 mill. kroner.

Det er venta at utgiftene vert 7 mill. kroner høgare enn løyvinga. Årsaka er nye legeerklæringstakstar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 71 med 7 mill. kroner.

## Kap. 2653 Ytingar til yrkesretta attføring

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Attføringspengar, *overslagsløyving* | 10 649 061 | 1 890 000 | 2 125 000 | +235 000 |
| 71 | Attføringsstønad, *overslagsløyving* | 522 292 | 570 000 | 525 000 | -45 000 |
| | Sum endringar | | | | +190 000 |

*Post 70 Attføringspengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 1 890 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har hatt ei noko anna utvikling enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Attføringspengar vart erstatta av arbeidsavklaringspengar frå 1. mars 2010. Dei venta høgare utgiftene kjem som følgje av etterskotsbetaling, klagesaker og revurderingssaker.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 70 med 235 mill. kroner.

*Post 71 Attføringsstønader, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 570 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har vore lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 71 med 45 mill. kroner.

## Kap. 2655 Uføre

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Grunnpensjon, *overslagsløyving* | 19 230 404 | 20 156 000 | 20 165 000 | +9 000 |
| 71 | Tilleggspensjon, *overslagsløyving* | 29 911 672 | 31 844 000 | 31 475 000 | -369 000 |
| 72 | Særtillegg, *overslagsløyving* | 1 918 650 | 2 055 000 | 2 040 000 | -15 000 |
| 74 | Tidsavgrensa uførestønad, *overslagsløyving* | 9 072 502 | 1 705 000 | 1 595 000 | -110 000 |
| 75 | Menerstatning ved yrkesskade, *overslagsløyving* | 98 354 | 100 000 | 115 000 | 15 000 |
| | Sum endringar | | | | -470 000 |

*Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 20 156 mill. kroner.

Utgiftene i 2010 har auka noko meir enn venta fordi talet på den gjennomsnittlege ytinga per mottakar er noko høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 70 med 9 mill. kroner.

*Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 31 844 mill. kroner.

Utgiftene i 2010 har auka noko mindre enn venta fordi talet på mottakarar er noko lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 71 med 369 mill. kroner.

*Post 72 Særtillegg, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 2 055 mill. kroner.

Utgiftene i 2010 er redusert noko meir enn venta fordi talet på den gjennomsnittlege ytinga per mottakar er noko lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 72 med 15 mill. kroner.

*Post 74 Tidsavgrensa uførestønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 1 705 mill. kroner.

Tidsavgrensa uførestønad vart erstatta av arbeidsavklaringspengar frå 1. mars 2010. Utgiftene så langt i år har hatt ei noko anna utvikling enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Etterskotsbetaling, klagesaker og revurderingssaker har hatt eit lågare omfang enn tidlegare venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 74 med 110 mill. kroner.

*Post 75 Ménerstatning ved yrkesskade, overslagsløyving*

Løyvinga under posten er på 100 mill. kroner i 2010.

Utgiftene ser ut til å bli noko høgare enn rekna med når løyvinga vart fastsett.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på post 75 med 15 mill. kroner.

**Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel mv.**

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Grunnstønad, *overslagsløyving* | 1 639 450 | 1 690 000 | 1 670 000 | -20 000 |
| 71 | Hjelpestønad, *overslagsløyving* | 1 712 593 | 1 760 000 | 1 715 000 | -45 000 |
| 73 | Hjelpemiddel mv. til arbeid og utdanning | 101 211 | 117 000 | 115 000 | -2 000 |
| 74 | Tilskot til bilar | 850 181 | 875 000 | 715 000 | -160 000 |
| 75 | Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel | 2 766 851 | 2 869 300 | 2 840 000 | -29 300 |
| 76 | Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester | 137 764 | 154 000 | 156 000 | +2 000 |
| 77 | Ortopediske hjelpemiddel | 868 304 | 925 000 | 950 000 | +25 000 |
| 78 | Høyreapparat | 467 565 | 500 000 | 535 000 | +35 000 |
| | Sum endringar | | | | -194 300 |

*Post 70 Grunnstønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 1 690 mill. kroner.

Det er venta at utgiftene vert 20 mill. kroner lågare enn løyvinga. Grunnen er ein reduksjon i talet på mottakarar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 2661, post 70 med 20 mill. kroner.

*Post 71 Hjelpestønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 1 760 mill. kroner.

Det er venta at utgiftene vert 45 mill. kroner lågare enn løyvinga. Årsaka er ein reduksjon i talet på mottakarar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 71 med 45 mill. kroner.

*Post 73 Hjelpemiddel mv. til arbeid og utdanning*

Løyvinga for 2010 er 117 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har auka mindre enn venta. Utgiftene til hjelpemiddel på arbeidsplassar har gått ned. Samstundes aukar utgiftene til tolkehjelp for døve i arbeidslivet.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 73 med 2 mill. kroner.

*Post 74 Tilskot til bilar*

Løyvinga for 2010 er 875 mill. kroner.

Det er venta ein reduksjon i utgiftene samanlikna med det som er lagt til grunn for løyvinga. Dette har samanheng med redusert saksbehandlingskapasitet som følgje av omstillingsprosess med etablering av regionale bilkontor. Talet på restansar har auka noko gjennom 2010, men er venta bygd ned gjennom 2011. Reduserte utgifter i 2010 vil derfor delvis føre til auka utgifter i 2011.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusera løyvinga under post 74 med 160 mill. kroner.

*Post 75 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel*

Løyvinga for 2010 er 2 869,3 mill. kroner.

Det er venta ein reduksjon i utgiftene samanlikna med det som er lagt til grunn for løyvinga. Utgiftene til enkelte av dei større hjelpemiddelgruppene minkar.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 75 med 29,3 mill. kroner.

*Post 76 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester*

Løyvinga for 2010 er 154 mill. kroner.

Utgiftene har auka noko meir enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Utgiftene samla sett er venta å bli 2 mill. kroner høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 76 med 2 mill. kroner.

*Post 77 Ortopediske hjelpemiddel*

Løyvinga for 2010 er 925 mill. kroner.

Utgiftene er venta å bli 25 mill. kroner høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Utgiftene aukar for alle enkeltstønadane.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 77 med 25 mill. kroner.

*Post 78 Høyreapparat*

Løyvinga for 2010 er 500 mill. kroner.

Utgiftene er venta å bli 35 mill. kroner høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga, grunna at volumveksten er høgare enn det som tidlegare er lagt til grunn.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 78 med 35 mill. kroner.

## Kap. 2670 Alderdom

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Grunnpensjon, *overslagsløyving* | 41 791 226 | 43 950 000 | 44 110 000 | +160 000 |
| 71 | Tilleggspensjon, *overslagsløyving* | 65 255 859 | 70 708 000 | 71 105 000 | +397 000 |
| 73 | Særtillegg, *overslagsløyving* | 5 753 947 | 5 900 000 | 5 875 000 | -25 000 |
| | Sum endringar | | | | +532 000 |

*Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 43 950 mill. kroner.

Ein reknar med at både talet på alderspensjonistar med grunnpensjon i snitt og gjennomsnittleg yting i 2010 vert litt høgare enn tidlegare venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 70 med 160 mill. kroner.

*Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 70 708 mill. kroner.

Ein reknar med at både talet på alderspensjonistar med tilleggspensjon i snitt og gjennomsnittleg yting i 2010 vert litt høgare enn tidlegare venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 71 med 397 mill. kroner.

*Post 73 Særtillegg, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 5 900 mill. kroner.

Ein reknar med at gjennomsnittleg yting vert litt lågare enn tidlegare forventa og at talet på alderspensjonistar med særtillegg vert litt høgare enn tidlegare forventa. Det er gjort mindre tekniske justeringar i anslaget på posten som medverkar til at anslaget for løyvinga samla sett setjast ned.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 73 med 25 mill. kroner.

## Kap. 2680 Etterlatne

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Grunnpensjon, *overslagsløyving* | 1 290 341 | 1 302 000 | 1 295 000 | -7 000 |
| 71 | Tilleggspensjon, *overslagsløyving* | 1 086 473 | 1 051 000 | 1 080 000 | 29 000 |
| 72 | Særtillegg, *overslagsløyving* | 97 872 | 99 000 | 102 000 | 3 000 |
| 74 | Utdanningsstønad | 567 | 1 350 | 500 | -850 |
| 75 | Stønad til barnetilsyn, *overslagsløyving* | 6 599 | 10 000 | 6 000 | -4 000 |
| | Sum endringar | | | | 20 150 |

*Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 1 302 mill. kroner.

Ein reknar med noko lågare gjennomsnittleg yting på mottakarar av grunnpensjon enn lagt til grunn for løyvinga som medverkar til at anslaget for løyvinga samla sett setjast ned.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 7 mill. kroner.

*Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 1 051 mill. kroner.

Ein reknar med at både talet på mottakarar av tilleggspensjon og gjennomsnittleg yting i 2010 vert litt høgare enn tidlegare venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 71 med 29 mill. kroner.

*Post 72 Særtillegg, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er 99 mill. kroner.

Ein reknar med at både talet på mottakarar av tilleggspensjon og gjennomsnittleg yting i 2010 vert litt høgare enn tidlegare venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 72 med 3 mill. kroner.

*Post 74 Utdanningsstønad*

Løyvinga for 2010 er på 1,4 mill. kroner

Utgiftene på denne posten varierer og er derfor vanskeleg å anslå. Ein reknar med at talet på mottakarar av utdanningsstønad vert lågare enn tidlegare venta

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 74 med 0,85 mill. kroner.

*Post 75 Stønad til barnetilsyn, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er på 10 mill. kroner.

Utgiftene på denne posten varierer og er derfor vanskeleg å anslå. Ein reknar med at talet på mottakarar av stønad til barnetilsyn vert lågare enn tidlegare venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 75 med 4 mill. kroner.

## Kap. 2686 Gravferdsstønad

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Gravferdsstønad, *overslagsløyving* | 148 117 | 150 000 | 160 000 | 10 000 |

*Post 70 Gravferdsstønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2010 er på 150 mill. kroner.

Ein reknar med at utgiftene til gravferdsstønad i 2010 vert 10 mill.kroner høgare enn lagt til grunn for løyvinga. Høgare rekneskapstal for 2009 enn det som var lagt til grunn for løyvinga samt auke i satsen for gravferdsstønad frå 1.januar 2010 gjer grunnlag for auke i løyvinga.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 70 med 10 mill. kroner.

## Kap. 2690 Diverse utgifter

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirutgift (+) Mindreutgift (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 70 | Sjukestønadsutgifter i utlandet | 287 918 | 180 000 | 175 000 | -5 000 |
| 77 | Pasientar frå avtaleland | 120 514 | 125 000 | 90 000 | -35 000 |
| | Sum endringar | | | | -40 000 |

*Post 70 Sjukestønadsutgifter i utlandet*

Løyvinga for 2010 er 180 mill. kroner.

Utgiftene på denne posten varierer til vanleg mykje frå månad til månad og posten er derfor vanskeleg å anslå. På grunn av utviklinga til og med september vert anslåtte utgifter nedjustert med 5 mill. kroner i 2010.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 70 med 5 mill. kroner.

*Post 77 Pasientar frå avtaleland*

Løyvinga for 2010 er 125 mill. kroner.

Utgiftene på denne posten varierer til vanleg mykje frå månad til månad, og posten er derfor vanskeleg å anslå. På grunn av utviklinga til og med september vert anslåtte utgifter nedjustert med 35 mill. kroner i 2010

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 77 med 35 mill. kroner.

## Kap. 5701 Diverse inntekter

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 02 | Diverse inntekter | 197 102 | 295 100 | 355 100 | +60 000 |
| 03 | Hjelpemiddelsentralar m.m. | 33 305 | 30 000 | 37 000 | +7 000 |
| 71 | Refusjon ved yrkesskade | 970 296 | 1 090 000 | 972 000 | -118 000 |
| 73 | Refusjon bidragspliktige | 404 819 | 380 000 | 385 000 | +5 000 |
| 74 | Refusjon medisinsk handsaming | 14 598 | 6 000 | 50 000 | +44 000 |
| | Sum endringar | | | | -2 000 |

*Post 02 Diverse inntekter*

Løyvinga for 2010 er 295,1 mill. kroner.

Posten består mellom anna av innfordra misbruk av dagpengar/attføringsytingar, inntekter frå renter og avdrag på attføringslån, og diverse refusjonar i samband med feilutbetalingar. Basert på innbetalingar pr. 31. august 2010 på 272 mill. kroner, er samla inntekter venta å bli 355,1 mill. kroner på posten for 2010.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 02 med 60 mill. kroner.

*Post 03 Hjelpemiddelsentralar m.m.*

Løyvinga for 2010 er 30 mill. kroner.

Dei meste av inntektene er sal av bilar som det har blitt gitt stønad til, og som er bytte inn og av sal av hjelpemiddel. Inntektene så langt i år tyder på at dei samla sett i 2010 vert høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 03 med 7 mill. kroner.

*Post 71 Refusjon ved yrkesskade*

Løyvinga for 2010 er på 1 090 mill. kroner.

På grunn av innbetalinga av refusjon av oppgjer frå forsikringsnæringa til og med skadeårgang 2009 som er innbetalt til folketrygda, vert anslaget for 2010 118 mill. kroner lågare enn budsjettert.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 71 med 118 mill. kroner.

*Post 73 Refusjon bidragspliktige*

Løyvinga for 2010 er på 380 mill. kroner.

På grunn av utviklinga til og med september vert anslåtte refusjonar frå bidragspliktige oppjustert med 5 mill. kroner i 2010.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på post 73 med 5 mill. kroner.

*Post 74 Refusjon medisinsk handsaming*

Løyvinga for 2010 er på 6 mill. kroner.

Utgiftene på denne posten varierer mykje frå år til år, og posten er derfor vanskeleg å berekne. På grunn av utviklinga så langt i år reknar ein med at inntektene vert om lag 44 mill. kroner høgare enn venta.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 74 med 44 mill. kroner.

## Kap. 5705 Refusjon av dagpengar

(1000 kr)

| Post | Namn | Rekneskap 2009 | Løyving 2010 | Forslag 2010 | Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-) |
|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs | 69 709 | 75 000 | 55 000 | -20 000 |
| 03 | Refusjon av dagpengar frå EØS-land | 3 870 | 3 000 | 5 000 | +2 000 |
| | Sum endringar | | | | -18 000 |

*Post 01 Refusjon dagpengar, statsgaranti ved konkurs*

Løyvinga for 2010 er 75 mill. kroner.

Arbeids- og velferdsetaten forskotterer dagpengar til personar som vert omfatta av konkurs. Inntektene under denne posten er refusjon av dagpengar i samband med lønnsgaranti ved konkurs.

Tal frå SSB viser at det er eit fall i talet på konkursar hittil i år, samanlikna med same periode i 2009.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 01 med 20 mill. kroner.

*Post 03 Refusjon av dagpengar frå EØS-land*

Løyvinga for 2010 er på 3 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under post 03 med 2 mill. kroner.

Arbeidsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Arbeidsdepartementet.

---

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Arbeidsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

# Forslag
# til vedtak om endringar på statsbudsjettet for 2010 under Arbeidsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2010 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 600 | | Arbeidsdepartementet | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med | 1 444 000 |
| | | frå kr 157 589 000 til kr 159 033 000 | |
| 601 | | Utredningsverksemd, forskning m.m. | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, blir auka med | 4 000 000 |
| | | frå kr 51 624 000 til kr 55 624 000 | |
| | 70 | Tilskot, blir redusert med | 3 000 000 |
| | | frå kr 25 506 000 til kr 22 506 000 | |
| 604 | | Nav-reform og pensjonsreform | |
| | 45 | Større utstyrskaffingar og vedlikehald, *kan overførast, kan nyttast under post 21,* blir redusert med | 80 000 000 |
| | | frå kr 725 060 000 til kr 645 060 000 | |
| 605 | | Arbeids- og velferdsetaten | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir redusert med | 4 000 000 |
| | | frå kr 9 483 813 000 til kr 9 479 813 000 | |
| 606 | | Trygderetten | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir redusert med | 2 500 000 |
| | | frå kr 61 997 000 til kr 59 497 000 | |
| 612 | | Tilskot til Statens Pensjonskasse | |
| | 01 | Driftsutgifter, *overslagsløyving,* blir redusert med | 39 000 000 |
| | | frå kr 7 867 000 000 til kr 7 828 000 000 | |
| | 22 | Sluttoppgjer, *overslagsløyving,* blir auka med | 1 000 000 |
| | | frå kr 3 000 000 til kr 4 000 000 | |
| 614 | | Budstadlåneordninga i Statens Pensjonskasse | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med | 4 000 000 |
| | | frå kr 38 000 000 til kr 42 000 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| | 90 | Utlån, *overslagsløyving,* blir auka med | 3 100 000 000 |
| | | frå kr 8 500 000 000 til kr 11 600 000 000 | |
| 615 | | Yrkesskadeforsikring | |
| | 01 | Driftsutgifter, *overslagsløyving,* blir redusert med | 11 000 000 |
| | | frå kr 86 000 000 til kr 75 000 000 | |
| 616 | | Gruppelivsforsikring | |
| | 01 | Driftsutgifter, *overslagsløyving,* blir redusert med | 6 000 000 |
| | | frå kr 146 000 000 til kr 140 000 000 | |
| 634 | | Arbeidsmarknadstiltak | |
| | 76 | Tiltak for arbeidssøkjarar, *kan overførast,* blir auka med | 75 000 000 |
| | | frå kr 7 452 820 000 til kr 7 527 820 000 | |
| 635 | | Venteløn | |
| | 01 | Driftsutgifter, *overslagsløyving,* blir auka med | 10 000 000 |
| | | frå kr 190 000 000 til kr 200 000 000 | |
| 643 | | Statens arbeidsmiljøinstitutt | |
| | 50 | Statstilskot, blir auka med | 1 800 000 |
| | | frå kr 94 500 000 til kr 96 300 000 | |
| 660 | | Krigspensjon | |
| | 70 | Tilskot, militære, *overslagsløyving,* blir auka med | 5 000 000 |
| | | frå kr 190 000 000 til kr 195 000 000 | |
| | 71 | Tilskot, sivile, *overslagsløyving,* blir auka med | 19 000 000 |
| | | frå kr 446 000 000 til kr 465 000 000 | |
| 664 | | Pensjonstrygda for sjømenn | |
| | 70 | Tilskot, blir redusert med | 15 300 000 |
| | | frå kr 508 567 000 til kr 493 267 000 | |
| 666 | | Avtalefesta pensjon (AFP) | |
| | 70 | Tilskot, blir redusert med | 48 000 000 |
| | | frå kr 1 553 000 000 til kr 1 505 000 000 | |
| 667 | | Supplerande stønad til personer over 67 år | |
| | 70 | Tilskot, *overslagsløyving,* blir auka med | 10 400 000 |
| | | frå kr 341 600 000 til kr 352 000 000 | |
| 2470 | | Statens pensjonskasse | |
| | 24 | Driftsresultat, blir redusert med | 15 644 000 |
| | | frå kr 14 028 000 til kr -1 616 000 | |

| Kap. | Post | Formål | | Kroner |
|---|---|---|---|---|
| | | 1 Driftsinntekter, *overslagsløyving* | | |
| | | blir redusert med kr 21 883 000 til | -484 173 000 | |
| | | 2 Driftsutgifter, *overslagsløyving* | | |
| | | blir redusert med kr 1 157 000 til | 385 369 000 | |
| | | 3 Avskrivninger | 54 774 000 | |
| | | 4 Renter av statens kapital | | |
| | | blir auka med kr 1 646 000 til | 18 595 000 | |
| | | 5 Til investeringsformål | 18 069 000 | |
| | | 6 Til reguleringsfondet | | |
| | | blir auka med kr 5 750 000 til | 5 750 000 | |
| 2542 | | Statsgaranti for lønskrav ved konkurs m.v. | | |
| | 70 | Statsgaranti for lønskrav ved konkurs m.v., *overslagsløyving,* blir redusert med | | 150 000 000 |
| | | frå kr 950 000 000 til kr 800 000 000 | | |
| 2620 | | Stønad til einsleg mor eller far | | |
| | 70 | Overgangsstønad, *overslagsløyving,* blir redusert med | | 46 000 000 |
| | | frå kr 2 596 000 000 til kr 2 550 000 000 | | |
| | 72 | Stønad til barnetilsyn, *overslagsløyving,* blir redusert med | | 60 000 000 |
| | | frå kr 445 000 000 til kr 385 000 000 | | |
| | 73 | Utdanningsstønad, blir redusert med | | 16 000 000 |
| | | frå kr 64 000 000 til kr 48 000 000 | | |
| | 76 | Forskottering av underhaldsbidrag, blir redusert med | | 10 000 000 |
| | | frå kr 860 000 000 til kr 850 000 000 | | |
| 2650 | | Sjukepengar | | |
| | 70 | Sjukepengar for arbeidstakere m.v., *overslagsløyving,* blir redusert med. | | 3 010 000 000 |
| | | frå kr 33 430 000 000 til kr 30 420 000 000 | | |
| | 71 | Sjukepengar for sjølvstendige, *overslagsløyving,* blir redusert med | | 150 000 000 |
| | | frå kr 1 900 000 000 til kr 1 750 000 000 | | |
| | 72 | Omsorgs- og pleiepengar ved barns sjukdom m.m., *overslagsløyving,* blir redusert med | | 60 000 000 |
| | | frå kr 570 000 000 til kr 510 000 000 | | |
| | 75 | Feriepengar av sjukepengar, *overslagsløyving,* blir redusert med | | 70 000 000 |
| | | frå kr 1 860 000 000 til kr 1 790 000 000 | | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 2651 | | Ytingar under arbeidsavklaring | |
| | 70 | Arbeidsavklaringspengar, *overslagsløyving,* blir redusert med | 903 000 000 |
| | | frå kr 28 543 000 000 til kr 27 640 000 000 | |
| 2652 | | Medisinsk rehabilitering m.v. | |
| | 70 | Rehabiliteringspengar, *overslagsløyving,* blir auka med | 47 000 000 |
| | | frå kr 1 813 000 000 til kr 1 860 000 000 | |
| | 71 | Legeerklæringar, blir auka med | 7 000 000 |
| | | frå kr 280 000 000 til kr 287 000 000 | |
| 2653 | | Ytingar til yrkesretta attføring | |
| | 70 | Attføringspengar, *overslagsløyving,* blir auka med | 235 000 000 |
| | | frå kr 1 890 000 000 til kr 2 125 000 000 | |
| | 71 | Attføringsstønad, *overslagsløyving,* blir redusert med | 45 000 000 |
| | | frå kr 570 000 000 til kr 525 000 000 | |
| 2655 | | Uførhet | |
| | 70 | Grunnpensjon, *overslagsløyving,* blir auka med | 9 000 000 |
| | | frå kr 20 156 000 000 til kr 20 165 000 000 | |
| | 71 | Tilleggspensjon, *overslagsløyving,* blir redusert med | 369 000 000 |
| | | frå kr 31 844 000 000 til kr 31 475 000 000 | |
| | 72 | Særtillegg, *overslagsløyving,* blir redusert med | 15 000 000 |
| | | frå kr 2 055 000 000 til kr 2 040 000 000 | |
| | 74 | Tidsavgrensa uførestønad, *overslagsløyving,* blir redusert med | 110 000 000 |
| | | frå kr 1 705 000 000 til kr 1 595 000 000 | |
| | 75 | Menerstatning ved yrkesskade, *overslagsløyving,* blir auka med | 15 000 000 |
| | | frå kr 100 000 000 til kr 115 000 000 | |
| 2661 | | Grunn- og hjelpestønad, hjelpemidler m.v. | |
| | 70 | Grunnstønad, *overslagsløyving,* blir redusert med | 20 000 000 |
| | | frå kr 1 690 000 000 til kr 1 670 000 000 | |
| | 71 | Hjelpestønad, *overslagsløyving,* blir redusert med | 45 000 000 |
| | | frå kr 1 760 000 000 til kr 1 715 000 000 | |
| | 73 | Hjelpemiddel m.v. under arbeid og utdanning, blir redusert med | 2 000 000 |
| | | frå kr 117 000 000 til kr 115 000 000 | |
| | 74 | Tilskot til biler, blir redusert med | 160 000 000 |
| | | frå kr 875 000 000 til kr 715 000 000 | |
| | 75 | Betring av funksjonsevna, hjelpemidler, blir redusert med | 29 300 000 |
| | | frå kr 2 869 300 000 til kr 2 840 000 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| | 76 | Betring av funksjonsevna, hjelpemidler som tjenester, blir auka med | 2 000 000 |
| | | frå kr 154 000 000 til kr 156 000 000 | |
| | 77 | Ortopediske hjelpemiddel, blir auka med | 25 000 000 |
| | | frå kr 925 000 000 til kr 950 000 000 | |
| | 78 | Høyreapparat, blir auka med | 35 000 000 |
| | | frå kr 500 000 000 til kr 535 000 000 | |
| 2670 | | Alderdom | |
| | 70 | Grunnpensjon, *overslagsløyving,* blir auka med | 160 000 000 |
| | | frå kr 43 950 000 000 til kr 44 110 000 000 | |
| | 71 | Tilleggspensjon, *overslagsløyving,* blir auka med | 397 000 000 |
| | | frå kr 70 708 000 000 til kr 71 105 000 000 | |
| | 73 | Særtillegg, *overslagsløyving,* blir redusert med | 25 000 000 |
| | | frå kr 5 900 000 000 til kr 5 875 000 000 | |
| 2680 | | Etterlatne | |
| | 70 | Grunnpensjon, *overslagsløyving,* blir redusert med | 7 000 000 |
| | | frå kr 1 302 000 000 til kr 1 295 000 000 | |
| | 71 | Tilleggspensjon, *overslagsløyving,* blir auka med | 29 000 000 |
| | | frå kr 1 051 000 000 til kr 1 080 000 000 | |
| | 72 | Særtillegg, *overslagsløyving,* blir auka med. | 3 000 000 |
| | | frå kr 99 000 000 til kr 102 000 000 | |
| | 74 | Utdanningsstønad, blir redusert med | 850 000 |
| | | frå kr 1 350 000 til kr 500 000 | |
| | 75 | Stønad til barnetilsyn, *overslagsløyving,* blir redusert med | 4 000 000 |
| | | frå kr 10 000 000 til kr 6 000 000 | |
| 2686 | | Gravferdsstønad | |
| | 70 | Gravferdsstønad, *overslagsløyving,* blir auka med | 10 000 000 |
| | | frå kr 150 000 000 til kr 160 000 000 | |
| 2690 | | Diverse utgifter | |
| | 70 | Sjukestønadsutgifter i utlandet, blir redusert med | 5 000 000 |
| | | frå kr 180 000 000 til kr 175 000 000 | |
| | 77 | Pasientar frå gjensidighetsland mv., blir redusert med | 35 000 000 |
| | | frå kr 125 000 000 til kr 90 000 000 | |

Inntekter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 3614 | | Budstadlåneordninga i Statens Pensjonskasse | |
| | 01 | Gebyrinntekter, lån, blir auka med | 4 000 000 |
| | | frå kr 23 000 000 til kr 27 000 000 | |
| | 90 | Tilbakebetaling av lån, blir auka med | 200 000 000 |
| | | frå kr 4 400 000 000 til kr 4 600 000 000 | |
| 3615 | | Yrkesskadeforsikring | |
| | 01 | Premieinntekter, blir auka med | 8 000 000 |
| | | frå kr 146 000 000 til kr 154 000 000 | |
| 3634 | | Arbeidsmarknadstiltak | |
| | 85 | Innfordring av feilutbetaling, Arbeidsmarknadstiltak, blir auka med | 500 000 |
| | | frå kr 1 000 000 til kr 1 500 000 | |
| 3635 | | Venteløn m.v. | |
| | 01 | Refusjon statlig verksemd m.v., blir auka med | 9 000 000 |
| | | frå kr 49 000 000 til kr 58 000 000 | |
| | 85 | Innfordring av feilutbetaling av venteløn, blir redusert med | 900 000 |
| | | frå kr 1 900 000 til kr 1 000 000 | |
| 5607 | | Renter av budstadlåneordninga i Statens Pensjonskasse | |
| | 80 | Renter, blir auka med | 24 000 000 |
| | | frå kr 731 000 000 til kr 755 000 000 | |
| 5701 | | Diverse inntekter | |
| | 02 | Diverse inntekter, blir auka med | 60 000 000 |
| | | frå kr 295 100 000 til kr 355 100 000 | |
| | 03 | Hjelpemiddelsentralar m.m., blir auka med | 7 000 000 |
| | | frå kr 30 000 000 til kr 37 000 000 | |
| | 71 | Refusjon ved yrkesskade, blir redusert med | 118 000 000 |
| | | frå kr 1 090 000 000 til kr 972 000 000 | |
| | 73 | Refusjon frå bidragspliktige, blir auka med | 5 000 000 |
| | | frå kr 380 000 000 til kr 385 000 000 | |
| | 74 | Refusjon medisinsk handsaming, blir auka med | 44 000 000 |
| | | frå kr 6 000 000 til kr 50 000 000 | |
| 5704 | | Statsgaranti for lønskrav ved konkurs | |
| | 02 | Dividende, blir redusert med | 70 000 000 |
| | | frå kr 180 000 000 til kr 110 000 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 5705 | | Refusjon av dagpengar | |
| | 01 | Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs, blir redusert med . . . | 20 000 000 |
| | | frå kr 75 000 000 til kr 55 000 000 | |
| | 03 | Refusjon for dagpengar frå EØS-land, blir auka med . . . . . . . . . . . . . . . . | 2 000 000 |
| | | frå kr 3 000 000 til kr 5 000 000 | |

*Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar*

II

Tilsegnsfullmakter

Stortinget samtykker i at Arbeidsdepartementet i 2010 kan gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig desse beløp:

| Kap. | Post | Betegnelse | Samla ramme |
|---|---|---|---|
| 634 | | Arbeidsmarknadstiltak | |
| | 76 | Tiltak for arbeidssøkarar | 3 016,12 mill. kroner |

Grafisk produksjon: 07 Oslo AS 11/2010